

Søknad om tilskot til totalrenovering av forsamlingslokale

Til:

Vinje kommune
v/ Kommunedirektøren

Frå:

Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn (VTMT)
Org.nr.: 888 563 482
Raulandvegen 4, 3890 Vinje

Dato: 20.10.2025

1. Bakgrunn og formål

Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn (VTMT) har den store glede av å melde at vi endelig har fått vårt eige forsamlingslokale – sentralt plassert på Raulandvegen 4, ved YX-bygget i Åmot sentrum. Dette markerer eit viktig vendepunkt etter fleire tiår med leige og mellombelse løysingar.

Bygget vart kjøpt hausten 2025 for kr 2 300 000, med kr 60 000 i omkostningar. Eigedomen er no formelt regulert frå næring til forsamlingsføremål etter kommunalt vedtak same år. Etter faglege vurderingar og pristilbod frå Lando Group AS og Villmarksbygg AS, er det klart at bygget må gjennomgå ei omfattande totalrenovering for å møte dagens krav til tryggleik, universell utforming og bruk som forsamlingslokale. Kostnadsramma er estimert til om lag 3 millionar kroner.

2. Lang historie med arbeid for eige lokale

Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn vart etablert i 1986, og har sidan starten hatt eit sterkt ønskje om å ha eit eige, permanent lokale. Gjennom åra har forsamlinga nytta ulike mellombelse stader og gjort mange forsøk på å kjøpe eigedom i Åmot – utan å lukkast før no.

1986–2010: Forsamlinga møttest i private heimar og små leigde lokale i Vinje og Åmot.

2010–2018: Eit privat hus vart brukt som mellombels forsamlings- og møtelokale.

2019–2021: Kommunen lèt forsamlinga nytte det gamle Vinje Billag-bygget, men bygget var i dårleg stand og vart planlagt rive.

Frå 2021: Forsamlinga flytta inn i bygget på Raulandvegen 4, som no er kjøpt. Bruken har fungert svært godt – både bensinstasjonen og naboane er nøgde med oss, og lokalet har vore eit positivt og roleg innslag i sentrum. Det var difor naturleg å kjøpe eigedomen då moglegheita kom i 2025.

2010–2024: Samstundes har VTMT undersøkt og prøvd å kjøpe fleire andre bygg og tomter i Åmot, mellom anna Vest-Telemark Rørlegger-bygget, 2. etasje i gamle Fristad-bygget, delar av det nye Spar-bygget, tidlegare kommunalbygget for vaksenopplæringa og fleire private tomter. Vi vurderte òg eit bygg i Skulevegen 7, 3890 Vinje, men området vart reservert til parkering og leikeplass for den små skulen i nærleiken.

Ingen av desse stadene var mogleg å realisere – anten på grunn av regulering, bruksløyve, salstilhøve eller merknader frå naboar. Gjennom desse åra har VTMT verkeleg prøvd alt for å skape eit eige forsamlingslokale for medlemmane våre og lokalsamfunnet.

3. Søknad om støtte

Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn søker med dette om kommunalt tilskot på inntil kr 2 800 000 til totalrenovering og oppgradering av eigedomen Raulandvegen 4 (Gnr. 35, Bnr. 179). Målet er å skape eit funksjonelt og inkluderande forsamlingslokale som kan nyttast til bønerom, samlingar, familiearrangement, kulturkveldar og integreringstiltak i samarbeid med lokale lag og institusjonar.

4. Planar og framdrift

Arbeidet er planlagt å starte i mai 2026 og vare ut året. Renoveringa vil bli utført av lokale entreprenørar og omfatte:

- Etterisolering og utskifting av vindauge og dører
- Nye kjøkken, toalett og tekniske rom
- Nye elektriske og sanitære anlegg
- Universell utforming og rømningsvegar
- Nye overflater og oppgraderte fellesareal

5. Finansiering

Finansieringskjelde	Beløp (kr)
Eigenkapital og dugnadsinnsats	300 000
Søknad om tilskot frå Vinje kommune	2 800 000
Totalkostnad for prosjektet	ca. 3 100 000

Med venleg helsing

Hassan Samaale

Styreleiar – Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn

Mobil: 479 18 890

E-post: hassanloyar@hotmail.com

Hassan Samaale

.....
Underskrift